


# Skal vi la eit kontor i Oslo forma Bergen by?

## BYUTVIKLING

Av Svein Hatløy, arkitekt og professor ved BAS, medstiftar/styreleiar Bergen byformsenter/Vestform



**STIFTINGA** Vestform/Bergen byformsenter vert no oppløyst. Bergen byformsenter vart utforma og sett i arbeid av Bergen kommune, ved kommunalråd for byutvikling, Anna Elisa Tryti, og byplansjef, sivilarkitekt MNAL Magnus Westerberg. Ordførar Ingmar Ljones og fylkesordførar Magnar Lyssand signerte stiftingsdokumentet saman med kulturminister Åse Kleveland i 1997. Denne kontrakten vert no oppheva av Bergen kommune.

Kontrakten inkluderte alle fagorganisasjonane i Bergen og Hordaland, for forming av by, tettstad og miljø, arkitektar, landskapsarkitektar, biletkunstnarar og designarar, saman med utdanningsinstitusjonane i Bergen, Universitetet, Bergen Arkitekt Skole, Kunsthøgskolen, og dertil Kunstindustrimuseet med kommunal kontorplass.

**FØREMÅLET VAR** eit aktivt samarbeid og oppbygging av eit praktisk nettverk for debatt og rådgjeving i by- og miljøutforming. Bergen og Hordaland finansierte drifta, medan alle medstiftarane deltok på egne budsjetter.

Dette varte nesten til Byformsentret/Vestform fekk plass på statsbudsjetten, etter forhandlingar

med kulturminister Giske. Dette vart ein post for prosjektmiddel til regionale formsentra. Men Bergen kommune gav ikkje tilslutnad tidnok med driftstilskot. Disposisjonsretten gjekk difor til Norsk Form i staden.

**Eit sentralt kontor for formgjeving på Austlandet veit ikkje kva lokalklima på Vestlandet er**




**BYMILJØ:** Eit aktivt nettverk for debatt og rådgjeving i by- og miljøutforming skal nå leggjast ned. Biletet er frå Festplassen i Bergen.

LJE KATRINE ROBINSON

**ENDÅ BERGEN** byformsentret/Vestform, saman med tilsvarende faglege samarbeidsinstitusjonar i Trondheim og Kristiansand, hadde forhandla fram denne posten, skal dette no styrast sentralt frå Oslo. Resultat: Bergen byformsenter/Vestform får ikkje tilskot korkje til drift eller prosjekt, slik som stiftingskontrakten la opp til.

Difor kan stiftinga ikkje driva lenger. Byråd Lisbeth Iversen fekk ikkje den politiske tilslutninga som kommunalråd Anna Elisa Tryti fekk.

**BYUTVIKLING** i vår tids klimakrise, treng den kunnskapen som berre Universitetet og den alternative arkitektshøgskulen kan tilføra, gjennom si forskning og forsøk. Ein ny arkitektur, med eit nytt program, treng eit vidt samarbeid for å formast og utviklast. I denne klimakrisetid er det ord om raske,



**LOGO:** Vestform/Bergen byformsenters logo.

lettvinde løysingar som tek plassen i ordsiftet. Det er enklast med eindimensjonal teknologi og populær design.

Men alle veit frå den lokale bygningshistoria og den vanskelege arkitekturen, at ny arkitektur treng tid fordi problemstillingane er svært samansette. Berre radikalt nye konsept i arkitektur og byform, og ganske samansette løysingar krevst.

**EIT SENTRALT KONTOR** for formgjeving på Austlandet veit ikkje kva lokalklima på Vestlandet er. Endå verre er det at planadministrasjonen lokalt, i Bergen og vestlandsbygdene, ikkje bryr seg om det. Prata om det gjer alle, men veit ikkje å ta tak i det, konkret på staden. Handling trengst, og tverrfagleg samarbeid.

Eit forsøk vart gjort, og lett var det ikkje. Men politisk innsyn og makt mangla for å gå vidare. Stoda: Det er enklare å gå ut frå at jorda framleis er flat.